

# DEN NORSKE KYRKJA

## Bjørgvin bispedømeråd

administrasjons- og kirkedepartementet Fornyings-  
Postboks 8004 Dep.  
0030 OSLO

Dato: 02.05.2011

Vår ref: 11/34-7 JOF

Dykkar ref:

### **Kirkeforliket - høring**

Vedlagt følger endeleg uttale i høring rundt Kyrkjeforliket.  
Sak 029/11: Kyrkjeforliket - høyringsfråsegn frå Bjørgvin biskop og bispedømeråd

### **029/11: Kyrkjeforliket - høyringsfråsegn frå Bjørgvin biskop og bispedømeråd**

**BBDR-029/11 29.03.2011 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

***Kyrkjeforliket – konsekvensar av eventuelle endringar i Grunnlova sine føresegnar om statskyrkjeordninga i stortingsperioden 2009-2013***

### **Innleiing**

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høyringsnotatet frå Departementet, dagsett 1. februar 2011.

Bispedømerådet vil innleiingsvis slå fast at kyrkjeforliket i Stortinget 10. april 2008 legg eit nytt prinsipielt grunnlag for at Den norske kyrkja kan vidareutviklast som eit sjølvstendig trussamfunn. Dette er i tråd med ei langvarig line som kyrkja sine organ har fylgt gjennom dei siste åra.

Samstundes ser vi at forliket berre er eit steg på vegen mot ei heilskapleg ny kyrkjeordning. Viktige spørsmål for kyrkja må løysast etter at grunnlovsendingane er gjennomførte i 2012.

I denne samanhengen vil vi avgrense oss til å kommentere dei konsekvensane som grunnlovsendingane umiddelbart dreg med seg. Men vi vil understreke at desse endringane ikkje gjev tilstrekkeleg grunnlag for den meir omfattande lausrivinga frå det statlege kyrkjestyret som må kome.

Generelt er det vår meining at høyringsnotatet har vald ei for konservativ line. Ein kunne og burde ha tolka kyrkjeforliket slik at ein gjekk lenger i å gjennomføre prinsippet om eit nytt tilhøve mellom staten og Den norske kyrkja.

### **I Kongen sitt særlege kyrkjestyre og forvaltinga av saker med konsekvensar for saker som vedkjem kyrkja si lære**

Det viktigaste ved kyrkjeforliket er at Kongen sitt særlege kyrkjestyre vert avvikla gjennom dei endringane som er føreslegne i § 16 i Grunnlova. Kven skal så ta over dette ansvaret? Høyringsnotatet legg opp til at dette myndet i stor grad framleis skal vere på statlege hender i departementet. Dette vert forklart ved å vise til regjeringa sitt ålmenne utøvande mynde, slik dette er uttrykt i § 3 i Grunnlova.

Etter vårt syn er dette verken ei naudsynt eller ei naturleg tolking. Høyringsnotatet legg i avsnitt 2.7 opp til å sjå Stortinget sitt lovgjevande mynde som avgrensa både gjennom forslaget til ny § 16 i Grunnlova og ut frå prinsippet om trusfridom. Ut frå dei same premissane burde ein også kunne avgrense Kongen sitt kyrkjestyre og la dette i størst mogeleg grad bli overført til kyrkja sine eigne organ. I denne samanhengen er vi særleg opptekne av liturgisaker og alle andre saker som angår kyrkja si lære, slik som til dømes den fulle styringa av prestenesta. Når § 16 i Grunnlova vert endra og kyrkjeleg statsråd avvikla, har verken Kongen eller departementet lenger legitimitet som kyrkjeleg styringsorgan i slike saker.

Av dette følgjer at ein ikkje lenger kan krevje kyrkjemedlemskap for den statsråden som har ansvaret for kyrkjesaker. Det same må òg gjelde for dei embetsmenn som vert involverte i slike saker.

Ut frå det prinsipielle grunnsynet vårt, vil vi vidare hevde at prestar, prostar og biskopar ikkje lenger kan vere statstenestemenn etter at forlikperioden er over i 2013. Arbeidsgjevaransvaret for desse bør då overførast fullt ut til organ som representerer Den norske kyrkja som trussamfunn. Men allereie før 2013 bør det vere mogeleg å la Kyrkjemøtet få mynde til å fastsetje tenesteordningar for desse gruppene.

## **II      Kommentarar til høyringsnotatet si handsaming av dei einskilde endringane i grunnlovparagrafane og dei konsekvensar desse får**

### *Til 2.2 Grunnlova § 2*

Ingen merknader.

### *Til 2.3 Grunnlova § 3*

Ingen merknader.

### *Til 2.4 Grunnlova § 21 og 22*

Departementet legg her til grunn at allereie utnemnde prostar og biskopar framleis skal vere embetsmenn. Vi har ovanfor hevda at prestar og biskopar ikkje bør vere statstenestemenn, og då vil dei heller ikkje vere embetsmenn.

### *Til 2.5 Grunnlova § 16*

Hovudspørsmålet her er kor ein vil plassere det som no er Kongen sitt kyrkjestyre med heimel i § 16. Vi har ovanfor argumentert for at dette i størst mogeleg grad bør leggjast til kyrkja sine eigne organ og ikkje til regjeringa eller departementet. Såleis bør ikkje departementet få mynde til å fastleggje tenesteordningar for kyrkjeleg tilsette. Likeeins bør prestane sin status som statstenestemenn avviklast snarast råd.

Elles står vi departementet sitt forslag om å få inn i kyrkelova Kyrkjemøtet sitt mynde til å vedta liturgiar og fastsetje gudstenestebøker. Ein slik paragraf skal ikkje tydst slik at dette myndet vert delegert frå Stortinget. Derimot har den sitt grunnlag i Kyrkjemøtet si rolle som det øvste organ i trussamfunnet Den norske kyrkja.

### *Til 2.6 Grunnlova § 12 og 27*

Vi har ovanfor argumentert for at ein ikkje bør krevje medlemskap i Den norske kyrkja korkje av kyrkjestatsråden eller av dei embetsmenn som vert involverte i kyrkjesaker. Vi er her usamde med høyringsnotatet sine vurderingar.

### *Til 3.2 Tilsetjing av prostar*

Vi viser til at departementet vil overlata til kyrkja sine eigne organ å tilsetja prostar og biskopar og å fastsetja reglement for dette.

Kyrkjemøtet har tidlegare gått inn for at tilsetjing av prostar vert lagt til bispedømerådet (sak KM 12/08). Vi stør dette vedtaket. Grunngevinga for dette er at prostetenesta er ei viktig strategisk teneste i leiinga av bispedømet. Eit evt prostinivå vert då for lågt. På den andre sida har prostane ikkje nokon nasjonalkyrkjeleg funksjon som skulle tilseie at dei må tilsetjast på eit høgare nivå enn bispedømet.

Samstundes vil vi hevde at myndet til å tilsetje prestar ikkje lenger kan vere gitt på delegasjon frå Kongen, men må leggjast direkte til bispedømerådet..

### *Til 3.3 Tilsetjing av biskopar*


Biskopane bør tilsetjast på nasjonalt nivå. Dette følgjer av at biskopen si teneste er av nasjonalkyrkjeleg karakter, slik det m.a. kjem til uttrykk i vigslingsfullmakta og deltakinga i Bispemøtet. Likeeins har biskopen eit særleg ansvar for einskapen i kyrkja. I samsvar med departementet sitt framlegg, skal kyrkja sjølv fastsetja reglement for dette, og det vert å koma tilbake til.

Fram til ei ny ordning for tilsetjing av biskopar er på plass, kan ein følgje noverande valordning, men då med eit kyrkjeleg organ som tilsetjande instans.

I samband med drøftinga av ny tilsetjingsordning for biskopar, nemner også departementet at det kan vere aktuelt å vurdere om eit sentralt, kyrkjeleg organ med tilsetjings- og disiplinærmynde bør få mynde til å reise sak for Den norske kyrkja si lærenemnd i visse tilfelle. Når Kongen sitt kyrkjestyre vert avvikla, vil dette etter vår vurdering framstå som ei naturleg ordning, og vi stør difor dette forslaget. Samstundes illustrerer denne saka dilemmaet med at prestar, prostar og biskopar framleis skal vere statstenestemenn. Det blir staten som under desse vilkåra blir den instans som må trekkje personalmessige og forvaltigmessige konsekvensar av lærenemnda sine drøftingar. Dette er nok eit døme på at arbeidet med å avvikla statskyrkja langt frå er fullenda i og med kyrkjeforliket og grunnlovsendingane som følgjer av dette.

Vedtaket var samrøystes.

Med helsing



Jan Ove Fjellveit  
Stiftsdirektør  
Direkte innval: 5530 6474